

From: Sven Sandvik <Sven.Sandvik@sirdal.kommune.no>
Sent: 6. desember 2016 13:59
To: NVE
Subject: Høyring av konsesjonspliktvrdering for opprusting og og utviding av Finså kraftverk i Sirdal kommune

Hei.

Me viser til høyringsbrevet datert 25.10.2016 og den vedlagte meldinga om konsesjonsplikt vurdering.

Den meldte opprustninga og utviding av Finså kraftverk vedkjem allmenne interesser i ein slik grad at me meiner dette er ei soleklar konsesjonssak.

Konsesjonssøknaden bør behandlast parallelt med - og sjåast i samanheng med - revisjonen av konsesjonsvilkåra. Det kan vere fleire mulige løysingar og det er ikkje gitt at ei utviding av slukeevna er den beste.

Sirdal kommune har ei klar forventning om at revisjonsprosessen skal monne ut i betringar for miljø og landskap. Det vil vere uheldig om det blir gjennomført eit nytt tiltak som forverrar tilhøva i Bjørnestadvatnet no rett før revisjonen. Kommunestyret i Sirdal fatta den 17.10.2013 vedtak om ei førebels prioritering av punkta i kravdokumentet. Manøvreringsrestriksjonar for Bjørnestadvatnet vart der løfta opp som eit av fire krav med høgast prioritet (me viser til melding om vedtak datert 21.10.2013).

Bjørnestadvatnet er det mest synlege magasinet i Finnså-utbygginga. Det er fastbuande rundt vatnet og fylkesvegen fylgjer vatnet tett langs heile nordsida. Ei senking av vasstanden på sommaren frå dagens nivå 1 meter under HRV til 1,5 eller 1,7 meter under HRV vil ha klare negative følgjer for landskapsverdien til Bjørnestadvatnet. Utvasking av matjord er her også ei mulig problemstilling.

Minstevassføring i Finnså vart i kommunestyret si behandling også løfta opp som eit av fire krav med høgast prioritet. Dette av omsyn til landskap, vassmiljø og attgroing.

Med vennleg helsing

Sven Sandvik
Plan- og miljøkonsulent

E-post: Sven.Sandvik@sirdal.kommune.no
Mobil: +4741560997
Sentralbord: +4738379000
Direkte: +4738379123
www.sirdal.kommune.no



Sirdal kommune
Kraftfull, nær og nyskapande

